

Årsmøte Sandane småbåtlag 2020

Måndag 8.mars kl. 1900

GU-salen – Gloppen ungdomsskule

Sakliste

1. Opning av møtet
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Konstituering
 - Val av møteleiar
 - Val av to personar til å skrive under møteprotokollen
4. Årsmelding 2020
5. Rekneskap 2020 med revisjonsmelding
6. Kontingent
7. Budsjett 2021
8. Bubilcamp

Styret har blitt oppmoda av eit medlem om å sjekke mulegheita for å bruke delar av landområdet i småbåthamna til bubilcamp.

Tanken bak ideen er at investeringa kan bli ei inntektskjelde for småbåtlaget og vi kan samstundes få bygt eit klubbhus.

Det er kommunen som eig plassen, og vi har vore i munnleg kontakt med dei. Før vi går til formelle skritt i forhold til kommunen, ynskjer styret å legge fram ideen for årsmøtet.

Dersom småbåtlaget skal starte planlegging av dette, er vi heilt avhengig av god oppslutnad og entusiasme blant medlemene. Skal dette vere økonomisk berekraftig, er det ein føresetnad at så mykje som muleg av bygging og drift av campen, må vere basert på dugnadsarbeid.

Styret ynskjer at årsmøtet drøftar ideen.

9. Val

10. Avslutning

-styret-